



Tore Stusdal  
Midtneset 31  
5994 VIKANES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/3136 - 19/35277

Saksbehandlar:  
Andreas Granli  
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:  
02.12.2019

## Landbrukssak Gbnr 216/1 Stusdal - Landbruksveg - vedtak

Viser til dykkar søknad om bygging av landbruksveg på gnr/bnr 216/1 i Lindås kommune.

### **Saksopplysningar:**

Søkjjar er heimelshavar til gnr/bnr og vegen skal gå på denne eigedommen.  
Vegen skal gje tilgang til utmarksbeite og støl brukt i drifta. Det skal byggjast om lag 1500 m ny veg i vegklasse 8.

### **Sakshandsaming:**

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål*, FOR 1996-12-20 nr. 1200, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdier i området.

### **Vegtrasse val**

Vegen er skal plasserast slik i terrenget at det skjering og fylling vert så små som mogleg. Vegen skal leggjast i terrenget og bygging skal i størst mogleg utstrekning skje med stadeigne massar. Vegen skal byggast for bruk med traktor og skal ikkje nyttast til anna enn naudsynt ferdsel i samband med gardsdrifta.

Ein traktorveg fram til sommarbeite og stølen på garden vil gje heimelshavar større nytte av utmarksressursane knytt til garden. Det er samstundes viktig at vegen vert bygd slik at den kan ha verdi for friluftslivet i området. Det er mellom anna godt brukte turstiar i området og Bjørn West hytta ligg like ved vegen. Søkjjar må velja ei veglinje som gjev minst mogleg terrenginngrep og ein bør i størst mogleg grad, nytta seg av stadeigne massar i vegen.

### **Naturmiljø**

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet




vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i planområde.

## Kulturminne

Saka vart send til Hordaland fylkeskommune for uttale om kulturminner:

*Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med den omsøkte vegen, men det er registrert ein rekkje SEFRAK- bygg i området (uteløer og naust) vi føreset at desse ikkje vert råka av tiltaket.*



Figur 1. SEFRAK registrerte bygg vist med raud trekant

*Vi har elles ingen avgjerande merknader i saka. utover at ein under opparbeiding av feltet også søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.*

*Vi gjer også merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.*

Landskap og friluftsliv

Vegen vil ikkje påverka landskapsbilete i særleg negativ grad. Dei eksisterande stiane er i stor grad ned trakka og blaute. Vegen vil etter ei tid gro til med gras og andre vekster og vil ligge fint i terrenget. Vegen vil betre tilgjenge til friluftsliv for ålmenta ved at turfolk kan nytte vegen framfor dei gamle stiane.

**Vedtak:**

Tore Stusdal får løyve til å byggje landbruksveg som omsøkt på gnr/bnr 216/1 i Lindås kommune.

Vilkår for løyve:

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet med vegen må alt arbeid stogkast, og Hordaland fylkeskommune varslast (Telefon 55 23 90 00).
- Vegen skal byggast slik kart viser.
- Naboeigedommane skal kunne nytte vegen til å ta ut skog på sine eigedommar. Avtale om leige av vegen kan gjerast dersom uttak vert aktuelt.
- Vegen skal byggast i vegklasse 8

Vedtaket er gyldig til 29.11.2022

**Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan frist for løyve , fell løyvet bort, jf. FOR-1996-12-20-1200 § 3-3.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Lindås kommune

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b*  
*Dersom du har spørsmål i saka, ta kontakt med Andreas Granli.*

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

Andreas Granli

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Tore Stusdal

Midtneset 31 5994

VIKANES